

## Plan for kompetanse nådd etter vg1, vg2 og vg3 på studieførebuande ved Sotra vidaregåande skule (NN)

Denne planen viser kva kompetanse elevar på studieførebuande ved Sotra vidaregåande skule skal ha tileigna seg etter vg1, vg2 og vg3 for å steg for steg lære seg det som trengst som grunnlag for å vere studieførebuande. Planen inneheld områda sjølvstende, digitale ferdigheiter, munnlege ferdigheiter, lese- og læringsstrategiar, lesing (saktekstar, fiksjonstekstar og uthald), kjeldebruk, skriving og kunstig intelligens (KI).

	Etter vg1	Etter vg2	Etter vg3
<b>Sjølvstende</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– vite kvar ein finn informasjon om undervisninga og arbeidskrav</li> <li>– halde oppsette fristar (og ta kontakt med læraren ved problem)</li> <li>– vurdere eige arbeid og eigen faglege kompetanse sjølvstendig</li> <li>– medverke i planlegging og ta ei aktiv rolle i undervisninga</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– bruke eigenvurdering aktivt i vidare arbeid</li> <li>– ta initiativ til eigen læring (utover minimumskrav)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– vurdere og stille seg kritisk til eige arbeid</li> <li>– delta i planlegging av eiga utvikling opp mot arbeidskrav og kompetansemål</li> </ul>
<b>Digitale ferdigheiter</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– meistre grunnleggjande bruk av PC eller Mac</li> <li>– meistre bruk av læringsplattformer (hos oss no: Its Learning)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– bruke avanserte digitale program</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– identifisere og bruke digitale verktøy til oppgåver som trengst i høgare utdanning</li> </ul>
<b>Munnlege ferdigheiter</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– leggje fram eigne tankar og andre sine tankar i grupper</li> <li>– lage og presentere fagleg innhald munnleg</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– delta i debattar der ein argumenterer for eigne synspunkt</li> <li>– lage og presentere fagleg innhald med føremålstenleg struktur munnleg</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– delta i debattar der ein argumenterer for eigne grunngitte synspunkt og argumenterer mot andre sine innlegg på ein sakleg måte</li> <li>– lage, presentere og drøfte fagleg innhald munnleg</li> </ul>

<p><b>Lese- og læringsstrategiar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– ha kjennskap til ulike lesestrategiar og studieteknikkar og ta i bruk dei som er føremålstenlege, med hjelp av lærar</li> <li>– orientere seg i tekstar ved hjelp av innhaldsliste, illustrasjonar, stikkordliste osv.</li> <li>– oppsummere eit heilt kapittel i lærebok og trekkje ut essensen</li> <li>– ta notat når ein les</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– ta i bruk ulike lesestrategiar og studieteknikkar avhengig av tekst og utforske kva strategi som er best eigna</li> <li>– identifisere dei viktigaste punkta i ulike tekstar</li> <li>– ta notat ved å teste ut ulike strategiar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– argumentere for val av lesestrategi og studieteknikk</li> <li>– ta notat på ein strategisk måte</li> </ul>
<p><b>Lesing</b></p>	<p><i>Saktekstar</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– lese forenkla fagtekstar</li> <li>– forstå oppbygginga av ein tekst: samanheng mellom overskrifter, ingressar, avslutning, bilete og billettekst</li> <li>– bli eksponert for autentiske tekstar i fleire fag</li> </ul> <p><i>Fiksjonstekstar</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– lese minst ein hel roman på engelsk og på norsk</li> <li>– vere kjend med fiksjonstekstar i ulike fag</li> </ul> <p><i>Uthald</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– halde lesefokus ved å lese kortare tekstar utan forstyrringar</li> </ul>	<p><i>Saktekstar</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– lese, analysere og reflektere over autentiske fagtekstar og fagartiklar</li> <li>– lese og samanlikne innhaldet i argumenterande tekstar</li> <li>– vurdere resonnementet i ein tekst</li> </ul> <p><i>Fiksjonstekstar</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– lese minst ein roman og eitt dramastykke</li> <li>– lese fiksjonstekstar i ulike fag</li> </ul> <p><i>Uthald</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– halde lesefokus ved noko lengre tekstar</li> </ul>	<p><i>Saktekstar</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– tolke, analysere og reflektere over lengre og komplekse autentiske fagtekstar, fagartiklar og forskingsartiklar</li> <li>– lese alle typar tekstar med kritisk blikk og lese tekstar av kritikarar</li> <li>– kunne lese engelskspråklege tekstar i alle fag</li> </ul> <p><i>Fiksjonstekstar</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– lese litteratur innan fleire ulike sjangrar</li> <li>– bruke fiksjonstekstar i ulike fag som grunnlag for argumentasjon</li> </ul> <p><i>Uthald</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– halde lesefokus ved komplekse tekstar av ulike teksttypar</li> </ul>

<b>Kjeldebruk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– finne kjelder om eit tema og vurdere om dei er relevante</li> <li>– lage kjeldelister som er rett sett opp ut frå ein referansestil (sjå <a href="#">Kildekompasset</a> eller <a href="#">Søk og skriv</a>)</li> <li>– bruke sitat med referanse til kjelda i presentasjonar og tekstar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– vurdere kjelder kritisk</li> <li>– referere til kjelder i referansar undervegs i tekstar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– grunngi val av kjelder</li> <li>– formulere sjølvstendige tankar på ein etterprøvbar måte og bruke kjelder til å støtte opp under desse</li> <li>– kombinere sitat, parafrasering og eigne kommentarar i fagartiklar</li> </ul>
<b>Skriving</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– skrive ulike teksttypar med relevant struktur (til dømes innleiing, hovuddel og avslutning)</li> <li>– byggje opp avsnitt som startar med ei temasetning</li> <li>– meistre godt bruk av ordbøker og retteprogram i eiga skriving</li> <li>– formulere tekstar sjølv utan plagiat frå andre tekstar eller skrive/praterobotar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– formulere eigne problemstillingar til oppgåver</li> <li>– skrive tekstar med god tekstbinding i og mellom setningar</li> <li>– argumentere skriftleg for og mot påstandar på ein nyansert måte</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– skrive fagartiklar med eit klart fagleg eg</li> <li>– skrive fagartiklar med drøfting som er tilpassa ulike fag</li> </ul>
<b>Kunstig intelligens (KI)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– bruke KI på ein kritisk måte der det er føremålstenleg og tillate</li> <li>– forstå personvernutfordringar ved bruk av KI</li> <li>– vite korleis ein skal referere til KI</li> <li>– øve på skriving av prompts (leietekstar)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– bruke KI føremålstenleg som læringsstrategi</li> <li>– ha kjennskap til korleis sentrale KI-verktøy fungerer (språkrobot, bildegenerator osv.)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>– bruke KI-verktøy føremålstenleg som “partnar” i ulike fag</li> </ul>